



Ordføreren sitt hjørne – oktober 2019

Tysdag 15. oktober skal det vera konstituerande kommunestyremøte for det nye kommunestyret. Då skal det veljast formannskap, ordførar, varaordførar, kontrollutval og hovudutval. Frå den dagen overtek dei nyvalde politikarane ansvaret og oppgåvene. Det er 5 som sit i kommunestyret no som er med vidare. Saman med mange nye skal dei vera med å utvikle kommunen vidare framover.

Det er med vemod og takksemnd eg skriv ordføreren sitt hjørna for siste gong. Etter 20 år i ordførarstolen har eg fått vore med på mykje. Hemsedal har endra seg mykje på desse åra. Det har vore ein stor folketalsauke, og det har vore ei rivande næringsutvikling. Eg er nøgd med at kommunen har greidd å legge til rette for denne utviklinga. Det er krevjande å ha godkjente og oppdaterte reguleringsplaner for å møte krava som er nødvendige. Bustadfelt, planer for reiselivsutvikling, planer for hyttebygging og gjennomføring av infrastrukturtiltak. Dette har gått bra fordi me har mange dyktige tilsette som står på, og me har ei bygd som dreg saman. Det har heile tida vore mange gode prosessar på kva som er vegen vidare, og derfor dreg alle i same retning. Mykje utbygging er konsentrert ved skisenteret og me har mykje urørte fjellvidder til glede for både fastbuande og tilreisande. Denne miksen må framtida ta vare på.

Det er og verdt å merke seg alle dyktige bønder som har tilpassa seg den sentrale landbrukspolitikken og satsa på ei framtid i landbruket. Eg vil og framheve alle som driv næring, og har starta næring, med dei moglegheiter som landbruket og reiselivet gjer. Hemsedølen har alltid vore flink til å sjå kva som er mogleg, og derfor er denne, frå gamalt av karrige fjellbygda, der me er i dag. Er vel rett å legge til at det no er desse karrige fjella og naturen som er vårt største aktivum, ved sida av alle innbyggjarane med arbeidslyst og gründerånd.

Hemsedal har ein ung befolkning. Det er ein stor styrke i forhold til svært mange distriktskommunar som har ein stor del eldre. Likevel, Hemsedal har også eit aukande tal personar som etter kvart kjem i 80+. Det gjer at det også her blir stadig fleire som treng omsorgsplass og pleie. Me veit òg at det skal byggjast ein ny skule, og barnehagetilbodet må utvidast med nye avdelingar. Det er ei krevjande investeringstid det nye kommunestyret må gripe fatt i. Samstundes har no Kraftskatteutvalet lagt fram arbeidet sitt for finansministeren. Dersom dei endringane som ligg der skulle bli vedtatt, vil det føre til eit stort inntektstap for kommunen. Det er ei utfordring som neppe gjer det mogleg å utvikle Hemsedal framover slik det er tenkt.

Eg vil til slutt få takke for alle gode samtaler eg har hatt med mange. Det er spennande å møte folk og ta del i store planar og dei mindre kvardagslege spørsmål. Det er i samspelet mellom folk at utvikling skjer. Det har vore ei gjevande tid på alle måtar. Eg kjem nok til å tenkje attende med glede på alt eg har fått vore ein del av. Takk for meg, og lykke til vidare til heile bygda!

Det er ikkje sikkert den komande pensjonisten kjem til å tenkje «alt var betre før»!

Helsing
Oddvar Grøthe
Ordførar